
Fra: Kathrin Jakobsen <Kathrin.Jakobsen@hfk.no>
Sendt: 22. februar 2018 16:27
Til: Kommunane i Hordaland - Alle; Andreas.Nordeide@fjell.kommune.no; John Tveit; solvi.folkedal@askoy.kommune.no; jan.tjosaas@kvam.kommune.no
Kopi: Katharine Louise Clarke; Barbara I Harterink; Bård Sandal
Emne: Invitasjon til å delta i eit nytt internasjonalt kommunenettnettverk i Hordaland - 7. mars. 2018

Invitasjon til første møte i eit internasjonalt kommunenettnettverk i Hordaland - 7. mars 2018

Hordaland fylkeskommune ønskjer å samarbeide tettare med kommunar for å utvikle regionen, og i sterkare grad bruke EU-program og europeisk samarbeid som verkemiddel. Difor tek vi no initiativ til å etablere eit internasjonalt kommunenettnettverk i Hordaland for å dele kunnskap og erfaringar på feltet, og gjere det lettare å kome i gang med internasjonale samarbeidsprosjekt.

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) i Regionalavdelinga i HFK har over tid hatt samarbeid med nokre kommunar og dette har resultert i ei rekkje internasjonale samarbeidsprosjekt, alt frå enkle prosjekt og studieturar til meir innovative prosjekt. Desse erfaringane ønskjer vi å dele med alle kommunane i Hordaland. Det ligg mange moglegheiter i EU-programma. Første steg er å identifisere behov/utfordringar i eigen kommune som kan løysast gjennom internasjonalt samarbeid. Neste steg kan gjerne vere å bli kjend med god praksis og utveksle erfaringar hos europeiske partnerar. På dette grunnlaget vil det vere lettare å etablere større utviklingsprosjekt.

Føremål for nettnettverket

Kompetanseutvikling, erfaringsutveksling og samarbeid, i hovudsak knytt til EU-program, prosjektutvikling, søknadsskriving, nettnettverk, tverrsektoriell og tverrfagleg tilnærming.

Målgruppe og tema

Alle kommunane blir inviterte til å delta og tema for mulege prosjekt vil vere innanfor dei fleste av kommunane sine ansvarsområde. I første omgang tenkjer vi ein eller fleire personar tilsett i kommuneadministrasjonen, t.d. innanfor næring, helse- og omsorg, oppvekst og skule, kultur, frivilljug arbeid mm, som har interesse av å bli med i nettnettverket. Det vil bli arrangert to til tre kombinerte workshops- og informasjonsmøte i året.

Første møte i nettnettverket 7. mars - Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gt. 5, kl 10.00-13.30

Tema: Utvikle arena for erfaringsutveksling og samarbeid mellom kommunane

- Erfaringar og god praksis - korleis skape lokal forankring
- Presentasjon av internasjonale prosjekt/prosjektidéar frå kommunar
- Kva fylkeskommunen kan bistå med

Program og påmelding: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/internasjonalt-kommunenettverk-i-hordaland/>

Påmeldingsfrist 5. mars

Vidare møteplan for nettnettverket

Andre møte (juni): Identifisere prosjekt som den enkelte kommune ønskjer å gå vidare med. Avdekke behov for samarbeid mellom kommunar.

Tredje møte (haust/vinter) : Søknadssworkshop med rettleiing og bistand frå HFK.

Tidspunkt for desse møta vil bli avtalt på første møte.

Velkomen!

Venleg helsing

Kathrin Jakobsen
Seksjonsleiar

Regionalavdelinga
Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



Tlf: +47 55 23 90 61 | Mob: +47 982 55 253
www.hordaland.no